

# NOTAT

07.11.2022

## DETALJREGULERING SESSNESET

### VURDERINGAR AV VERN AV DAUGSTAD SAG OG MOGLEG BRUK

I samband med oppstart av reguleringsarbeidet for Sessneset har Møre og Romsdal fylkeskommune ved kulturavdelinga peika på Daugstadsaga og området rundt som eit teknisk industrielt kulturmiljø med regioal verneverdi.

Verneverdien er knytt til at sagbruket blir sett på som ein del av båtbyggerhistoria i Vestnes, som er tatt inn i *Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi*. Planen vart vedtatt i 2015. Omtalen av båtbyggerhistoria i planen er slik: *Viktig næringsverksemd for Vestnes som bør dokumenterast.*

Det er i planen ikkje knytt handingsretta kommentarar til dette.

Kulturavdelinga har saman med forslagsstillarane for reguleringsplanen vore på synfaring på staden, og konkretisert avgrensinga av vernet og korleis dette bør sikrast i reguleringsforslaget.

Tiltakshavar og forslagsstillar ser på eit konkret vern av sagbruket og ein del av området rundt som svært utfordrande i forhold til intensjonane og forutsetningane for planarbeidet. Det vart difor også halde eit drøftingsmøte på kulturavdelinga, der ein mellom anna vart utfordra på å vurdere mogleg framtidig bruk av saga, anten sjølvstendig eller som del av den nye verksemda. På dette møtet var også grunneigaren, som og er eigar av saga, med.

Dette notatet er ei oppfølging av dette.

## KULTURARVPLAN FOR VESTNES KOMMUNE

Båtbyggerhistoria er svært viktig for Vestnes kommune og innbyggjarane her. Den er difor også nemnt i *Kulturavplan for Vestnes kommune*, som vart vedtatt i 2019. Regional delplan er der tatt inn som eit vedlegg i kulturavplanen.

I eit eige avsnitt om teknisk/ industrielle kulturminne står det mellom anna: *Av andre tekniske og industrielle typar av kulturminne vil det i vår samanheng vere naturleg å trekke fram eldre «verv» som til dømes Kjøpstad båtbyggeri, som eit nestan intakt vervmiljø innanfor ein gitt tidsperiode. Det same gjeld trebåtbyggeriet Ekert Stenødegård Eff. i Remmemsbukta på Vestnes, som utover bygningane sin kulturhistoriske verdi representerer ei familiebedrift med spisskompetanse på tradisjonell båtbygging gjennom overlevert kunnskap gjennom fleire generasjonar i same slekta.*

Det er i kulturavplanen ikkje skissert konkrete tiltak i handlingsdelen for dette temaet.

Som i svært mykje av kulturminnearbeidet elles, er ein også her avhengig av frivillige eldsjeler og innsats. For tida er ressursane konsentrert om «Søblomsten», som ein tenkjer skal vere ei hovudsak i den framtidige formidlinga.

Det er dessutan tidlegare skrive bok om alle skispverva i Vestnes – *Båt- og skipsbygging i Vestnes* – og laga ein film.

I tillegg har *Båtbyggarmuseet Fartøysamlingane i Vestnes* over lang tid hatt ei sentral og viktig oppgåve i kulturminnearbeidet og formidling av båtbyggjarhistoria.

Kommunen viser til at planen no skal rullerast, og at ein vil vurdere nye måtar og tiltak for å formidle tradisjon og kunnskap om båtbygging og båtbyggjarhistoria i Vestnes i denne samanhengen.

## VERN OG VERNEVERDI

Kulturavdelinga peikar på at det er kulturmiljøet, heilskapen, som gjer at sagbruket og området rundt har verneverdi. I tillegg kjem dei historiske banda til tidlegare sagbruk og bruk av Sesselva til både kverner og fleire sagbruk.

I utgangspunktet omfattar såleis kulturmiljøet i tillegg til saghuset, vassrenne og rørgate, uthus, sjøhus og kai. Naustrekka, der eitt av nausta er sefrakregistrert, er også ein del av dette.

For å avgrense området seier kulturavdelinga at naustet kan om nødvendig flyttast, og at ein kan sjå bort frå sjøhus og det som er att av kaianlegget, som ein del av kulturmiljøet.

I diskusjonen om alternativ bruk av saghuset blir det signalisert at ein vil kunne tillate at det innvendige blir fjerna for å gi plass for ny og anna bruk.

## FØRESETNADER FOR ALTERNATIV BRUK

Slik vi har forstått det er hovudpoenget at bygningsvolumet, det eksisterande «skalet», skal bli ståande, men at ein innvendig kan gjere det som er nødvendig for ny aktivitet.

Det må vere ein føresetnad at fundamenteringa av bygget er trygg og tilfredsstillande. I dag er desse delvis undergrave av vatn, og er halde på plass av stropper.

Det må forventast at nye lokale for kontor eller andre aktivitetar tilfredsstillar moderne funksjonskrav, både funksjonelt og energikonomisk.

TEK17 set også krav til tryggleik mot naturfare. I dette tilfellet gjeld det framtidig havnivåstigning og stormflo.

Dersom bruken ikkje blir knytt til den planlagde verksemda på næringsareala inn til, må det finnast annan tilkomst, då det må påreknast at næringsverksemda – ei næringsmiddelbedrift – vil bli inngjerda og stengt for utedkomande.

## ALTERNATIV BRUK

Dersom Sætre Matfisk AS sjølv skulle gjere seg bruk av bygninga, måtte det bli til kontor, evt. lager. Følgjande faktorar talar mot dette:

- Eksisterande verksemd har langt på veg dei *servicelokalitetane* som trengst. Dette omfattar heile Daugstad skule. Det er litt av grunnen til utviding er lokalisert her.
- I den grad det er behov for slike lokale på Sessneset, vil ein vere naturleg å planlegge for å integrere lokala i dei nye bygningane, tett på produksjonen.

Konklusjonen er at kostnadane med å sikre, heve/rehabiliterer fundament og bygge nye konstruksjonar inne i den eksisterande grinda, ikkje vil kunne forsvarast av den tilpassa bruken. Til det er tilgangen på alternative og moderne kontorlokale m.m. på Daugstad skule store nok.

Kven andre kan bruke bygningen og til kva bruk?

Sagbruket er ikkje i ein teknisk stand eller er utstyrt slik at det takast i bruk som sagbruk av grunneigaren. Før ein kan gjere det, må det same arbeidet med sikring/heving/rehabilitering av fundamenta gjerast. I tillegg kjem innmontering av ny kraft/el.motorar til drift og nødvendig HMS-tilrettelegging.

Dette vil vere kostnader som drifta gardssaga i dag ikkje kan forsvare. I tillegg kjem at det rett på andre sida av elva er eit større sagbruk i drift som også kan dekke dette eventuelle behovet.

Det er lite truleg at nokon annan kan ha interesse til å nytte saghuset i næringssamanheng. Lokalisering, tilkomst og moglege alterantive lokale (t.d. i Daugstadskulen) gjer dette lite aktuelt.

Ein kunne tenkje at sagbruket kunne brukast i kultur og kulturformidlingssamanheng. Men lokaliseringa og tilgjenge for publikum vil gjere dette lite tenleg. I tillegg kjem kostnadane med å få dette til.

Dette vil også gjelde om ein kunne knytte bygg og område til båtbyggertradisjon og historie. For båtbyggerhistoria vil nok framtidig formidling vere knytt til *Søblomsten* og ei meir sentral og publikumstenleg lokalisering.

Konklusjonen er då at det er vanskeleg å finne alternativ bruk av sagbygningen. Dette kan grunnleggjast med lokalisering, mangel på framtidig tilkomst, store kostnader først med å sikre bygningen, seinare med å rive og bygge nytt inni.

## STATUS

Grunneigaren ser med otte på at sagbruket i dag representerer ein fare og risiko for dei som ferdast i området, og då særleg at det skulle vere attraktivt for ungar.

Skal saghuset stå trygt, må det til ei straksløysing for å sikre fundamenta.

Men då behovet for ei slik sag på garden i dag ikkje er til stades, ønskjer han heller å rive for å hindre risiko for personskadar, for å redusere vedlikehaldsoppgavene og andre utgifter saga fører med seg.

Som tiltakshavar er det vanskeleg å sjå for seg ein tenleg bruk, særleg dersom ein ser denne bruken i samanheng med dei kostnadane dette til krevje.

For å forklare vår tilnerming til dette, finn vi det rett å oppsummere følgjande:

Sætre Matfisk AS eig i dag eit settefiskanlegg rett på sørsida av Sesselva. Utviding av verksemda kan vanskeleg gjerast utan at ein tek i bruk areal på nordsida av elva. Dette vart då også spelt inn til kommunen ved sist rullering av kommuneplanens arealdel. Arealet BN10 vart då tatt inn i planen.

Kommunen som planmynde gjennomførte ei enkel konsekvensutgreiing for den endra arealbruken, som konkluderte med at dette er eit *Naturleg område for utvikling av eksisterande aktivitet/næring på Sessneset. Lett tilgjengeleg og ingen store konflikhtar. Vurdert som einaste praktiske mogleheit for utviding av eksisterande verksemder.* Vidare står det under temaet *Kulturminne, -miljø* at *Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innafor tiltaksområdet.*

Det var ikkje innvendingar til dette under høyring, og kommuneplanen vart vedtatt slik, i 2015.

Slik vi forsto planen var det ikkje verneverdige kulturminne innanfor området. Og i konsesjonssøknaden er sagbrukstomta planlagt brukt til produksjonsanlegg og at noverande bygningar og anlegg må fjernast.

I tillit til planverket starta så det konkrete planarbeidet med konsesjonssøknad for matfiskproduksjon og no reguleringsplanarbeidet.

Argumentasjonen for området og konseptet for etablering av matfiskproduksjon på land her, er den store sambruksgevinsten med settefiskanlegget.

Med bakgrunn i kommuneplanen har utbyggaren kjøpt det meste av arealet innanfor BN10 og gjort leigeavtalar på resten.

## OPPSUMMERANDE VURDERING

Ikkje uventa landar vi på at sagbruket må fjernast for å gje plass til ei fornuftig og trinnvis utbygging med god intern logistikk og effektivitet. Grunngevinga oppsummerer vi slik:

Kulturmiljøet, jfr. e-post frå kulturavdelinga datert 03.10.2022, er slik vi forstår det redusert til å omfatte saghuset/eksteriøret, rørgata – som no er vekkrotna, vassrenna i betong og slusehuset.

Å sikre eksisterande bygning vil krevje stor økonomisk ressurs, då fundamenta står delvis på undergrave grunn, og at bygninga ligg innanfor faresonen for framtidig havnivå/stormflo. Difor må bygningen hevast for å kunne brukast vidare.

Å bygge om og innreie bygningen til kontorlokale eller annan bruk, vil dessutan kreve at eksteriøret må endrast mykje med omsyn til vindu m.m.


Der er i dag ikkje aktuelle realistiske alternativ bruk som kan forsvare kostnadane med å få dette til.

I tillegg vurderer vi at det kulturmiljøet og den kulturminneverdien ein eventuelt sit att med etter at næringsområda er utbygde, ikkje kan forsvare dei kostnadane det vil krevje, og dei ulempene det vil ha for den planlagte verksemda på staden.

Difor ber vi Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga, om at kravet om at området rundt Daugstadsaga skal regulerast til vern, blir trekt.

PS.: Når det gjeld formidling av både denne delen av båtbyggerhistoria og bruken av Sesselva gjennom tidene, synes vi framleis at det er noko som er vel verd å få gjort. Gjennom bruk av moderne hjelpemiddel og media kan dette gjerast både interessant og lett tilgjengeleg.

  
.....  
Sætre Matfisk AS  
Bjørn-Vegard Løvik

  
.....  
eigar av gnr. 5 bnr. 12  
Bjørnar Daugstad